



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Måndag 13. april 2026

Tidspunkt: kl. 14.00, Saunesmarka

Styremedlemmer:

Anne Holstad
Andrzej Flemming
Camilla Storøy
Arnulf Goksøyr
Anne Marte Beitveit
Oskar Grimstad
George Fulford

Frå administrasjonen møter:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S12/26

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente innkallinga og saklista

SAK S13/26

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjente referatet frå sist styremøte med følgande tillegg til sak.nr S10/26, Papp ved sida av dunken, endring i ordning: Styret ber administrasjonen arbeide vidare med saka og fremme ny sak til vedtak hausten 2026.

SAK S14/25

Perioderekneskap per februar 2026

Utgreiing i møtet.

Sjå vedlegg for perioderekneskap for dei ulike avdelingane og tilhøyrande kommentarar. (Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd)

Tilråding til vedtak: Styret tek perioderekneskapen til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok perioderekneskapen til vitande.

SAK S15/26

Eigarmelding 2025

Utkast til eigarmelding er tidlegare sendt ut til styret for tilbakemeldingar. Det har ikkje kome tilbakemeldingar på dette utkastet. Det vil vere høve til å kome med forslag til endringar i dokumentet under styremøtet, før vedtak.

Sjå vedlegg. Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak: Styret vedtek eigarmeldinga for 2025 og vil legge den fram for representantskapet 20. mai for endeleg behandling.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret vedtok eigarmeldinga for 2025 og vil legge den fram for representantskapet 20.mai for endeleg behandling.

SAK S16/26

Initiativ frå Volda og Ørsta Reinhaldsverk

Sjå vedlegg for saksutgreiing. (Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd)

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Det vart føreslått å sette ned ei arbeidsgruppe med leiarar og styreleiarar frå begge selskap for å arbeide konkret med saka. Det skal utarbeidast eit mandat som styret skal godkjenne.

Det er viktig å arbeide fram eit målhierarki, der ein prioriterer å først arbeide med dei vanskelegaste sakene, til dømes lokalisering, kven er overtakande selskap ved ein eventuell fusjon og korleis blir sentrale roller fordelt. Ein bør utgreie ulike former for samarbeid og eventuelt samanslåingar.

Innspelet frå VØR peikar på fordelar og ulemper ved ulike samarbeidsalternativ. Desse framstår meir som mulege fordelar og ulemper, ikkje faktabaserte innspel. Desse må konkretiserast og underbyggast meir. Eventuelt kan ein innhente konsulentvurdering av fakta.

Når saka er grundig utgreia, må også tillitsvalt orienterast. Saka skal vidare til ordførarane før det blir lagt fram for representantskapet.

Det er viktig å påpeike for SSR sine eigarar at dette er ei sak som er initiert frå VØR si side, og at SSR vil ta innspelet på alvor og arbeide fram alternativ

med eit ope sinn.

Vedtak: Det skal utarbeidast eit mandat for ei arbeidsgruppe som inneheld leiing og styreleiarar i SSR og VØR, med oppgåve å greie ut alternativ for framtidig samarbeid, eventuelt samanslåing mellom selskapa. Mandatet skal godkjennast av styret i SSR.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 17/26 Orienteringar

- Revisor deltok på møtet og orienterer om rekneskapsåret 2025
- Sjukefråvær første kvartal
- Klimasats-tilskot til regionalt ombruksprosjekt
- Status strategi. Det blir gjennomgang av handlingsplan på møtet i juni der det også vil bli ein gjennomgang av status for digitalisering i selskapet.

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar